



Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

Svar på høyring - NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping

Vestlandssamarbeidet – marin satsing (VestMarin) er eit fylkesovergripande samarbeid mellom dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. I vårt arbeid med tilrettelegging for marin næringsutvikling, ser vi at tilgang til gode, marine botndata kan vere ei hindring for dette arbeidet. Vi ynskjer difor å sende inn ei høyringsuttale til denne NOU'en sjølv om vi ikkje står lista som høyringspart.

VestMarin har eit spesielt ønske om at regjeringa retter søkelys på graderingsregimet for høg oppløyslege djupne-data og terrengmodeller. Dette for å vidareutvikle forvaltninga av våre kystnære ressursar. Til dømes har forsvaret store mengder djupedata som ikkje er gjort offentlege. Havforskningsinstituttet, Norges geologiske undersøkelse og Kartverket har teke initiativ til eit kartleggingsprogram i kystsona (Kyst-Mareano).

Kartleggingsprogrammet Mareano, som har pågått sidan 2006, har undersøkt deler av havbotnen i Barentshavet og utanfor Lofoten. Kartlegginga har resultert i ein stor kunnskapsbank og ein omfattande kartteneste. No er det teke initiativ til å få til ein tilsvarande kartlegging av den langstrakte kysten i Noreg. For at Kyst-Mareano som kartleggingsprogram i kystsona skal kunne lykkast, er det heilt avgjerande at dagens graderingsregime vert endra på ein måte som tek omsyn til dei mange ulike brukarbehova i kystsona. Det må også vere lett å administrere tilgangen til slike data både for offentlege og private brukarar.

Data med høg oppløysing kan særleg vere nyttig for t.d. forankring av oppdrettsanlegg og andre installasjonar i sjø.

Vi ser det som eit paradoks at det lovlige 50 m gridet enda ikkje er tilrettelagt og teke i bruk gjennom Norge Digitalt. Dette er ofte godt nok for dei fleste analyser og for mykje av kystsoneplanlegginga.

Oppsummering:

- ◆ Det er viktig å få produsert og ope distribuert det ugraderte 50 x 50 m nettet.
- ◆ Det er ynskjeleg å få etablert enkel distribusjon av høgoppløyste multistråledata med sikringsklarering for berekning og plassering av fortøying for oppdrettsanlegg og spesielle analyser.



- ◆ Vi anerkjenner at det framleis er militære strategiske årsaker for å hemmeligholde høgoppløyte djupnedata enkelte stader og ber om at det vert arbeidd vidare med å avgrense desse.
- ◆ Produsere og distribuere et 5 meter djupnenettverk i alle områder uten militær interesse.

Med helsing

Lena Merete Søderholm
koordinator VestMarin

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift